

## Min kvardag

Hei! Korleis går det med deg? Eg høyrer at du skal flytte til [sted] at. Eg starta på ungdomsskulen i år. Det er eit bra skulemiljø på ungdomsskulen. Det er ingen som blir mobba, og nesten ingen som blir utestengt. Lærarane er stort sett greie og snille. Det er ein liten skule med bærre 118 elevar.

Vi starta med Tysk denne hausten. Personleg er eg ikkje så begeistra for det. Vi har også valfag, men det har vi alt hatt i tre år. Elles gjer vi ikkje så mykje utanom det vanlege. Vi var på Eidsvold tysdagen denne veka. Eg er egentleg ikkje så veldig interessert i Norges historie at eg vil sitje 6 timar på ein buss, men det var artig og ha sett det.

Det vi gjer på fritida er egentleg nokså forskjellig. Det er ikkje så fryktelig mange som spellar fotball, men nesten alle jentane dansar. Sjølv trenar eg nokså mykje med tre vennar. Om vinteren går vi mykje på ski, og om sommaren trenar vi styrke. Elers på fritida er eg med nokså mykje med i sauefjoset. Eg syntes at det er greit og gjere noko, men eg likar og ikkje gjere noko og.

Helsing [namn]